



Innkalling  
av  
Næringsfondsstyret

**Møtedato:** 22.11.2016  
**Møtestad:** Formannskapsrommet  
**Møtetid:** 12:00 - 13:00

**Møte vert halde rett etter formannskapsmøte.**

Eventuelle forfall må meldast via Møteportalen (politikarportalen). Ordføraren må og få melding om forfall til møter.

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

**Sakliste**

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
023/2016	Godkjenning av innkalling og sakliste
024/2016	Godkjenning av møtebok
025/2016	Bokprosjekt Mobryggja

16. mars 2017

Tom Kristian Thorsen  
møteleiar

Øivind Olsnes  
sekretær

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt		16/313

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
023/2016	Næringsfondsstyret	PS	22.11.2016

### Godkjenning av innkalling og saksliste

#### Forslag til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

#### Saksopplysningar:

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt		16/313

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
024/2016	Næringsfondsstyret	PS	22.11.2016

### Godkjenning av møtebok

#### Forslag til vedtak:

Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre

#### Saksopplysningar:

#### Vedlegg:

Protokoll - Næringsfondsstyret - 17.11.2016

# Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ove Sæbø	FE - 223	16/242

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
025/2016	Næringsfondsstyret	PS	22.11.2016

## Bokprosjekt Mobryggja

### Forslag til vedtak:

Næringsfondsstyret løyver tilskot frå næringsfondet på inntil kr. 47 000,-, 20 % av budsjetterte kostnader, til delfinansiering av bokprosjekt «Etter tunnelen».

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Mobryggja søker om tilskot frå næringsfondet til produksjon og utgjeving av bokprosjekt «Etter tunnelen». Prosjektet tek føre seg modalskulturen og menneska, og har sitt utspring i fotoutstillinga «Etter tunnelen» som Mobryggja arrangerte for 2 år sidan.

Søklar viser til at prosjektet har fått sær god respons, og at det er mange som spør om boka er til sals. Planen er å trykke opp 300 eksemplar med ein utsalspris på kr. 300,- pr. stk.

Søklar har lagt ved budsjett for prosjektet som syner ein total kostnad på kr. 235 000,-. Her er kr. 150 000,- knytt til utgifter som layout/design, print, fotografering og distribusjon, medan det er ført opp kr. 85 000,- i eigeninnsats knytt til oppsett korrektur, oversetjing til engelsk, marknadsføring og diverse. Mobryggja søker om kr. 150 000,- i tilskot frå næringsfondet til dette prosjektet.

Inntekter knytt til bokprosjektet kan vurderast å vere *inntil* kr. 90 000,- om ein tek utgangspunkt i 300 eksemplar med utsalspris kr. 300,-. Det er i søknaden føreslått at Modalen kommune kan kjøpe eit tal bøker og nytte desse t.d. som gåver. Modalen kommune vil komme tilbake til ei evt. tinging av boka.

#### Vurdering

Søknad om støtte frå næringsfondet skal vurderast i forhold til dei kriteria og retningslinene som ligg føre. I dykkar søknad vurderer me ut ifrå følgjande hovudkriterium:

*Sysselsetjingseffekt, busetnadseffekt og effekt av tiltak som fører til nyskaping/vidareutvikling av verksemdar.*

Modalen kommune vektar vurderinga av søknaden i forhold til *sysselsetjingseffekt*.

Prosjektet vil i liten grad påverke talet/omfanget av nye arbeidsplassar på kort sikt, men har saman med den øvrige drifta Mobryggja representerer mogleg effekt på lengre sikt. Dette m.a. gjennom å vere ei verksemd som trekk til seg konferansar, arrangement og turistar – samt er ei tydeleg signalverksemd for Modalen utad i. Verksemda treng både produkt og aktivitet (gjennom heile året) for å kunne nå ei slik målsetjing.

Prosjektet som er søkt midlar til går inn i verksemda si evne til å drive kulturproduksjon også utanom sesong. Rådmannen vil bidra til å tryggje verksemda som arbeidsplass ved å støtte opp under bokprosjektet. I tillegg vurderer med det slik at tilskotet vil i vesentleg grad også tryggje ein viktig kvinnearbeidsplass i kommunen, halvparten av eigarskapen/drifta i Mobryggja. Denne arbeidsplassen er knytt til kulturkompetanse.

Produktutviklingstiltak/prosjekt:

Søklar legg opp til å utvikle eit produkt som kan vere med å sikre breiddetilbodet i kultur-/kunstaspektet ved verksemda. Det er særleg viktig for Mobryggja når det gjeld å skape aktivitet på vinterhalvåret.

Utvikling / trygging av arbeidsplassar, satsing på kvinneretta arbeidsplassar, sjølvsyssetjing (av eigen arbeidsplass på deltid):

Det ligg eit omfang av arbeidsinnsats som kan knyttast til Mobryggja og Gudbjørg sitt virke i forhold til å utvikle kunstprosjekt som ein vesentleg del av verksemda si drift. Rådmannen vurderer det som positivt at verksemda vil styrke seg sjølv gjennom dette prosjektet, samt at det vil ha ein vesentleg innverknad på trygging av ein utsett kvinnearbeidsplass (kunstnerisk ansvarleg og utøvande) i verksemda.

Marknadsføringstiltak av verksemder i Modalen:

I vurderingar knytt til marknadsføring vil me vektleggje at Mobryggja gjennom prosjektet kan styrke sin posisjon både lokalt og regionalt/utad. Sidan verksemda i stor grad rettar seg mot reiselivet er det rimeleg å legge til grunn at kundegruppa deira vil setje pris på dette tiltaket, og at det dermed styrkjer verksemda.

Tilskot kan gjevast med inntil 50 % av samla kostnad. Inntil 75 % dersom prosjektet har særskilt verknad for kvinner.

### **Konklusjon**

For å kunne innvilge verksemda tilskot i storleik inntil 50 % må prosjektet ha fleire bærande element i seg som har ein høgare grad av sysselsetjingseffekt, busetnadseffekt og nyskappings-/vidareutviklingseffekt for verksemda.

Utvida støtte i forhold til kvinnesyssetjing er vurdert å vere ein vesentleg faktor i vurderinga (inntil 75 % av prosjektkostnader). Høgste sats inneber søknader som viser til nyetablering, ny produksjon/aktivitet, omstilling, utskifting av driftsmiddel m.m. Rådmannen finn på dette grunnlaget at tilskot på inntil kr. 47 000,- skal løyvast. Det er 20 % av budsjetterte kostnadar for prosjektet.

### **Vilkår for utbetaling av tilskot**

Tilskot kan berre utbetalast på grunnlag av dokumenterte medgåtte kostnader i høve til kostnadsoppsettet som ligg til grunn for tilsagnet. Dersom faktiske kostnader vert vesentleg lågare enn budsjettert, vil innvilga tilskot verte redusert prosentvis i høve faktiske kostnader.

Før utbetaling skal mottakaren ha levert rekneskap som er spesifisert i samsvar med kostnadsoverslaget. Rekneskapen skal vere attestert av revisor eller anna kvalifisert person for dei som ikkje har revisorplikt.

Utbetaling må skje innan 1 år frå vedtaksdato. Dersom det er trong for forlenging, kan ein søkje om

forlenging innan fristen for gjennomføring.

Innvilga tilsagn kan krevjast tilbakebetalt heilt/delvis dersom verksemda opphøyrer, blir seld eller flytta frå kommunen innan 5 år.

Tilskot er gjeve i tråd med reglane om bagatellstøtte. Det inneber at Mobryggja må opplyse om anna offentleg støtte (uansett stønadskjelde) slik at den samla støtta ikkje overstig 200 000 EURO over ein 3-årsperiode rekna f.o.m. tidspunkt verksemda vart tildelt slik støtte (tildelingsåret). Før utbetaling må søkjar stadfeste evt. annan bagatellstøtte.